

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 15.10.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten Kari Bernardini oppmodar gjennom sitt spørsmål om at Vestland fylkeskommune bør ta til orde for at Språkrådet skal flyttast til Bergen for å styrke det språkfaglege miljøet i Bergen og Vestland.

Språkrådet er lokalisert i Oslo, og var ein av mange statlege etatar som vart vurdert flytta som del av Solberg-regjeringa sin plan for utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo i 2017.

Kulturdepartementet gjennomførte i 2017 ei utgreiing om utflytting av Språkrådet. Bergen, Bø i Telemark og Stjørdal var vurdert som moglege stadar for lokalisering av Språkrådet, i tillegg til Oslo. Departementet vedtok den gongen å ikkje flytte ut Språkrådet. Kulturminister Linda Hofstad Helleland argumenterte med at ei utflytting av Språkrådet ville innebære ein høg risiko for tap av kompetanse på område der det er vanskeleg å rekruttere ny kompetent arbeidskraft.

Utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo er eit verkemiddel for å desentralisere, spreie makt, og styrke fagmiljø i kommunar og fylke. Temaet er likefullt omstridt og møter sterke motkrefter.

Bystyret i Bergen sendte hausten 2019 innspel til regjeringa om å flytte Språkrådet til Bergen. Bystyret peika på at argumenta for å flytte Språkrådet til Bergen har endra seg sidan 2017, då vedtaket om å ikkje flytte Språkrådet vart gjort.

Fylkesdirektøren ser utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo som eit viktig grep for å spreie kompetansearbeidsplassar og styrke distrikta og regionane. Bergen har fleire sterke fagmiljø innan språk, både innan academia, media og kulturlivet, og vil derfor kunne vere ein god stad for lokalisering av Språkrådet.

Fylkesdirektøren meiner diskusjonen om utflytting av statlege arbeidsplassar er viktig, herunder spørsmålet om flytting av Språkrådet. Samtidig er det utfordrande å gå djupt inn i saka på noverande tidspunkt, men det vil kunne vere aktuelt å løfte diskusjonen på nytt gjennom ei politisk sak i utvalet.»

Utvalseleiar for kultur, idrett og integrering gav slikt svar:

«Representanten Kari Bernardini fra Arbeidarpartiet stiller spørsmål til utvalseleiar om eg kan stille meg bak ei oppfordring om at Språkrådet bør flyttast til Bergen og Vestland. Til det svarer eg eit eintydig: Ja!

Staten er ein stor organisme med mykje makt, som i stor grad er sentralisert i Oslo og omland. Eit uttalt mål frå regjeringa, som eg i aller høgste grad støtter, er å flytte statlege organ frå Oslo ut i landet for å spre makt, kompetanse og moglegheiter ut i heile landet.

Det har tidlegare vore ein diskusjon om flytting av Språkrådet til blant anna Bergen, kor det var eit tverrpolitisk initiativ for å få det til. Her har mellom anna Høgre, Venstre, FrP og Arbeidarpartiet jobba saman. Arbeidet stansa da regjeringa vedtok å behalde Språkrådet i Oslo. Men vårt engasjement kan ikkje stanse med det.

Vi har sterke faglege miljø innan språk både innan academia, media og kulturlivet. Med det kan eg nemne språkfaga ved UiB, og som spørsmålsstiller seier, ordbøker og språksamlinger som er flytta til UiB frå Oslo. Vi har store medieinstitusjoner som sikrar eit språk- og dialektmangfald, til dømes BT, NRK og lokalavisa våre. Og vi har, ikkje minst, eit utruleg sterkt kulturliv som jobbar for å fremje språkhistorie, språktradisjonar og dialekter - til dømes Det Vestnorske Teateret og Teater Vestland.

Det er og omlag 35 statlege arbeidsplassar som kan flyttast til Bergen, og gje moglegheiter for å skape eit enda sterkere språkfagleg miljø i Vestland. Det gir ringverknader og moglegheiter utover berre arbeidsplassane, og gir fleire moglegheiter for mennesker med bakgrunn i humaniora her i Vestland.

Dette initiativet håpar eg at Vestland fylkeskommune kan støtte.»

Kari Bernardini (A) gjorde framlegg om å setje SI 14/20 Språkrådet til Bergen? på sakslista som vedtakssak. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes å setje saka på sakslista. Saka fekk saksnummer PS 145/20.